

NR. 5

JUNI 1986

19. ÅRG.


BLOMSTERTID

*Den blomstertid nå kommer
med lyst og glede stor,
den kjære, lyse sommer
da gress og grøde gror.
Nå rører solens armer
ved alt som før var dødt,
de blide stråler varmer,
og alt på ny blir født.*

*De fagre blomster-enger
og åkrer rad på rad,
de grønne urte-senger
og trær som skyter blad,
hver blomst, hver spire minner
oss om å ta imot
det lys som alltid skinner
fra Gud, vår Skaper god.*

*Vi hører fugler sjunge
med herlig jubellyd!
Skal ikke da vår tunge
lovsynge Gud med fryd?
Min sjel, opphøy Guds ære
med lov og gledesang!
Han vil oss nådig være
som før så mang en gang.*

Israel Kolmodin 1694
M.B. Landstad 1861



GOD SOMMAR

DEN RIKE BONDEN

Luk. 12. 13-21



Ta dykk i vare for all havesykje for det er ikkje det du eig som gjev deg livet, om du har aldri så mykje. Slik les vi i vers 15. Vi vil ha meir og får vi meir vil vi ha endå meir. Slik skal det liksom vera i eit velstandssamfunn. Vi er som den rike bonden. Stadig fleire og større krav. Dette kan føre til det vi kallar stress. Så seier vi at når vi har fått rikeleg, då kan vi unne oss ro og vera glade, nyte etter alt kav for å få. Slik tenker vi og slik tenkte den rike bonden.


Gud brukar ordet «dåre» på denne mannen, vers 20. Det gjekk ikkje slik han tenkte, for han døydde før han fekk tid til å slå seg til ro.

Meiner så Jesus med denne likninga at vi ikkje skal arbeida og streva for å få? I siste vers står det slik: Såleis går det med den som samlar seg skattar på jorda og ikkje er rik i Gud. Det som dette verset seier oss er at alt vårt strev vert berre strev om vi ikkje reknar med Han som gjev oss alt vi eig. Om vi har lite eller mykje så er vi berre rike når vi har samfunn med Han som gav oss livet og som vil gjeva oss det evige liv saman med seg.

Vi er rike når vi går i vårt daglege strev og veit at Han ser og fylgjer oss. Vi er rike når vi kan få leggja av børene som vart for tunge å bera.

Vi er rike når vi veit at Han den allmektige er vår Far. Den rikdom han gir kan aldri øydast, den er evig.

Velkommen til KONFIRMASJON



Vil du vera konfirmant neste år?

Då må du merkja deg dagane for påmelding, som vert no før sommarferien. Vi vil og dette året tilby eit noko annleis undervisningstilbod ved sida av det vanlege konfirmantopplegget: **Konfirmantleirskule.**

Dei som blir med på dette, skal ikkje møta til dei vanlege undervisningstiane, men konsentrerer i staden undervisninga til to konfirmantleirar og nokre einskildsamlingar.

Til leirskule-alternativet kan vi ta imot ca. 25 deltakarar. Dersom det melder seg fleire, vert det loddtrekning om kven som får vera med. To kameratar/venninner som gjerne vil reisa på leir saman, kan melda frå om det.

Innmelding til konfirmasjonstida går føre seg på desse stadene:

| | | |
|-------------------------------|-------|-------------------|
| Ådnamarca Skule | | tysdag 17. juni. |
| Garnes ung.skule | | onsdag 18. juni. |
| Ytre Arna, kyrkjelydshuset | | onsdag 18. juni. |
| Lone skule | | torsdag 19. juni. |
| Indre Arna, kapellet v/kyrkja | | torsdag 19. juni. |

Alle stader: Jenter kl. 17.00, gutar kl. 18.00. Dei som ikkje er døypte i Arna, tar med seg dåpsattest.

Vel møtt!

Helsing
kateketen

Kyrkjelydstur

Kyrkjelydsturen dette året går til Jondal i Hardanger. Det vert søndag 31. august, og vi vonar på god oppslutning dette året også. Ein komite er i arbeid for å planleggja turen, og ein skulle på turen få høve til å oppleve både sjø og fjell (Folgefonna)

Det vert påmelding til Kyrkjekontora på førehand, og det vil gå busar frå Ytre Arna og Arna kyrkje.


Nærare program med pris vert utdelt i kyrkjenne seinare, og ein kan og få vita meir på kyrkjekontora, om ein vender seg dit.

TUR FOR ELDRE

Eldretreff på Flatane, Ytre Arna arrangerer tur til Austevoll torsdag 31. juli. Res.Kap. Sundsbø vert leiari for turen, og ein kan få program ved å kontakta kyrkjekontoret i Ytre Arna.



Det er høve til å vera med for dei som ikkje er med på eldretreffa på Flatane. Påmelding til Ytre Arna kyrkjekontor tlf: 24 85 46 eller Harald Sundsbø tlf. 24 13 25.

Turen kostar ca. kr. 150 med middag.



Barneside

REBUS-LØSNING
NEDERST PÅ SIDEN



Har du tenkt å så gulrøtter i år? Da nytter det ikke å ha frøposen liggende i skapet. Først må frøet legges ut i kjøkkenhagen. Om en liten stund begynner det å spire, og når høsten kommer er det lille frøet blitt til en lekker gulrot.

Guds ord blir ofte sammenlignet med frø (såkkorn). I Bibelen finner vi ord fra Gud. Ligger Bibelen din i bokhylla eller godt gjemt i et skap kan det sammenlignes med frøet som ligger i skapet. Først må du åpne Bibelen og lese i den kan Bibelen ikke få gi oss noe. Det er først når vi leser eller hører det som står der at ordene får skape noe i oss.

Når vi lar Guds ord lede oss blir vi lik den gode jord som noe såkkorn ble liggende i.

| | | | | | | |
|----------|----------------|---|--------------------|--------------------------------------|-------|--|
| | | STUE 100 M ² BAKV. KARE A OLSEN. | | DOKKE MANN HAR MAN SE BILER | | |
| | GJØRE RENT. | | | | | |
| | | | | HELLIG | | |
| HUSDYR | | | NÅR DET ER LYST | | TRANG | |
| UGLESORT | | | 2 : 1 4 : 2 | | VERN | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |

i neste nr.

SNØSMELTING

Til deg som går i 2.-5. kl. Har du lyst å synge i kor?



27. august startar vi opp igjen med barnekor i Arna Kyrkje.
Øvingane vert på onsdagar mellom kl. 16.30 og 17.30.

×

Påmelding sendast til: Arna Kyrkje, Borgstova, Indre Arna.
(Påmelding kan også ringast inn, tlf. 24 02 15).

FRIST 25. AUGUST.

Navn: _____

Adresse: _____

Klasse: _____

Foreldres underskrift: _____

Til foreldre

27 august då startar me opp igjen med barnekor i Arna kyrkje. Av praktiske grunnar har vi satt 30

Løysing på kryssord i forrige nummer

| | | | | | | | | |
|--|---------|---|---|---|---|---------------|---|----|
| | TO LIKE | K | V | L | E | M | | |
| | | K | O | R | X | KILO FORL. | R | |
| | | P | K | I | R | K | E | |
| | | P | Å | S | K | E | E | 66 |
| | | R | A | S | P | E | L | S |
| | | E | K | K | I | | O | L |
| | | K | K | E | R | | D | Y |

medlemmer som øvre grense, så vær tidleg ute med påmelding.

Det første semesteret tar vi sikte på å delta ved eit par familiegudstenester og ved den tradisjonelle «Vi syng jula inn» 21 desember.

Andre semesteret vil vi også synge ved nokre fam.gudstenester, men vi vil også ta sikte på å besøka ulike institusjonar og kanskje reise på ein liten tur.

I førstninga av september vil det bli kalla inn til foreldre møte der vi vil konstituere eit styre.

Eg håpar at Dere kan tre støttande til.

Er det spørsmål om noko, så kontakt underteikna tlf. 13 24 69 (privat) eller 24 02 15 (kontor)

Med helsing
Organist
Asbjørn Flåm



hd hjemmenes dåpsring

Signaturen AK i Horten menighetsblad mener at «... i viktighetsgrad kan knapt noe kirketil-tak her til lands måle seg med dette.»

Hva er dette?

Det er Hjemmenes Dåpsring som utvikler materiell til støtte for den kristne oppdragelsen i hjemmet: pekebøker, bilde- og fortellingsbøker, bibelfortellinger, kassetter med sang og musikk, fargestifter, malerskrin, tegnepapir, plastilina, vev, vegg-bilder, dokker og leketøy, puslespill, adventkalender, vannkanne, musikkinstrument og mye annet.

Tre ganger i året får barnet en pakke med materiell, tre-fire ting i hver pakke. Alt er tilpasset barnets alder og behov etter hvert som det vokser til. Innholdet er ment til hjelp for aktivisering og stimulering av barnet og til samspillet i familien.

I hver pakke ligger en foreldre-

veiledning som sier litt om barnets utvikling, litt om kristen oppdragelse og litt om bruken av materialet i pakken. Hovedforfatter i foreldreveiledningen er familiepedagogene Oddbjørn Evenshaug og Dag Hallen.

Hva koster det?

Et årsabonnement vil med moms og porto koste godt under 300,- kr. (det dobbelte ville antakelig være en riktigere pris!). Det forberedes også rimeligere supplementordninger for yngre søsken.

Når kommer det?

Lansering er planlagt i november 1986. Til høsten kan altså foreldrene begynne å melde barna sine som medlemmer, i første omgang de som blir født utover høsten og de som fyller fire år i løpet av 1987.

«Hjelp oss med økonomien!» Dette ropet kommer fra dem som arbeider med utviklingen av HD-materialet, og de fortsetter: «Hvis vi ikke innen kort tid kla-

Nå begynner pakkene å ta form. Her er de ansatte i HD i muntert arbeid, fra venstre redaktørene Terje J. Johnsen og Brit Maria H. Austad, daglig leder Fred Riktor og kontorfullmektig Vibeke S. Bjørklund.

rer å reise hele den kapital vi har budsjettert med (3,5 mill. kr. i 1986), blir utgivelsene forsinket – og abonnementsprisen blir høyere. Men vi håper at både menigheter og enkeltpersoner ser hvor viktig det er å få fram denne hjelpen til hjemmene og derfor vil støtte HD økonomisk nå.»

En leder i Vårt Land sier nesten det samme:

«Vi håper at de midler som trengs, vil komme inn. Her er det vesentlig at man ser denne saken i et langsiktig perspektiv og så mange som mulig bidrar til at denne visjonen kan virkelig gjøres.»

Gaver kan sendes til:
HJEMMENES DÅPSRING
Pob. 6796 St. Olavs plass,
0130 Oslo 1.
Postgironr. 500 38 01.

Hvorfor skal vi be?

AV BJARNE STOVELAND

Hvorfor skal vi be? Se det er et betimelig spørsmål å stille i forbindelse med at vi om og om igjen oppfordrer til å be med og for hverandre. Noen er visst av den oppfatning at vi må be for å påvirke Gud. Det er ting vi ber om som vi trenger eller som er vanskelige. Og så ønsker vi at Gud skal gripe inn og gi oss disse tingene eller hjelpe oss ut av våre vanskeligheter. Så ber vi både inderlig og utholdende om distingene. Og det er riktig. Men det er galt å tro at vi skal påvirke Gud ved vår bønn, slik at han blir snillere og mer medgjørlig ved at vi ber.

Ole Hallesby sier i boken *Fra bønnens verden* at et slikt syn på Gud er hedensk, og slett ikke kristelig. Og vi har så meget av hedningen i oss, at vi lett ser på vår bønn som et middel som skal gjøre Gud snill og god, slik at han oppfyller vår bønn. Men dette er en total misforståelse sier han: Gud er god i seg selv, fra evighet til evighet, altså før menneskene hadde anledning til å be en bønn. Og skriften lærer oss, sier Hallesby, at Gud er like snill og god enten han oppfyller vår bønn eller ikke. Oppfyller han vår bønn, så er det av kjærlighet. Og oppfyller han den ikke, så er det også av kjærlighet.

Så er det dem som mener at vi må be for å fortelle Gud hva vi mangler, eller hva som er feil med oss eller andre. Men heller ikke det er en bibelsk forståelse av hva bønn er. For alle må jo vite at Gud som kjenner alle vet alt om oss og dem vi ber for, han vet langt bedre enn oss hva vi trenger og hva som er galt. Men hvorfor behøver vi da be?

Jo, sier Ole Hallesby. Vi må ta utgangspunkt i Matt. 5,45 hvor det heter at Gud lar sin sol gå opp over onde og gode og lar det regne over rettferdige og urettferdige. Alle har det til felles at de får en masse ting av Gud uten å be ham om noe i det hele tatt. Gud er jo kjærlighet og hans vesen er å gi til alle, alt det vi trenger til.

Men når Gud har ordnet det slik at mange gaver gis uten bønn, mens andre gaver gis ved bønn, så har det sin årsak i gavens art, sier Hallesby og nevner bl.a. frelsen som en av de gaver det må bes om. Slike åndens gaver kan han ikke få gitt oss uten at vi lukker opp og slipper Jesus inn i vår sjel. Disse tanker om bønningen finner vi klart igjen i ord som Joh. Åp. 3,20, hvor Jesus sier: Se, jeg står for døren og banker. Om noen hører min røst og åpner døren, da vil jeg gå inn til ham og holde nattverd med ham og han med meg... Ikke sant? Å be er å lukke opp for han som banker på. Bønn er egentlig det dørhåndtak vi skal benytte oss av for å lukke Gud inn. Og åpner vi opp, får han mulighet til å gi oss det som tjener oss og Guds sak best.

BRUA

VIKTOR HUGO

Framfor augene mine var mørke. Ein avgrunn utan grenser stoppa meg. Inga rørsle nokon stad. Eg kjente meg fortapt i stilla denne natta. Langt, langt borte bak eit ugjennomtrengelige slør ante eg Gud som ei matt stjerne. Då ropte eg: Mi sjel, mi sjel, for å kome over denne avgrunnen utan strender og gjennom denne natta fram til Gud, må du ha ei kjempe bru på millionar bogar.

Kven kan byggje den? Ingen, ingen! Her må eg forgå. Då reiste det seg ein kvit skugge framfor meg. Og denne skuggen hadde panna til ei jomfru og hendene til eit barn, den likna lilja som har forsvar i reinleiken sin. Den føyde hendene sine saman, og då fall lys av dei. — Dersom du vil, skal eg byggje brua!

Eg løfta augene mine opp mot det bleike ukjende: — Kven er du? — **Eg er bøna!** —

(Frå T. Moens bok «Lys og liv», Gyldendal 1981.)

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 20.04: Veronica Sunde Knutsen, Mali Folland, Kari Tesdal, Stephan Hagebø Mjelde, Anders Heimseta.
27.04: Åsne Johansen Midtun. Døypd i Trengereid kapell.
18.05: Mathilde Sørås

Ytre Arna sokn:

- 25.05: Linda Kversøy, Mikal Ytrearne Larsen, Eirik Lerås Nesse.



Vigde

Arna sokn:

- 05.04: Leif Johan Nielsen og Birgit Steffensen. Vigde i Cent-ralkrk.
12.04: Øyvind Ekren og Wenke Fredheim. Vigde i Sandnes kyrkje Masfjordnes.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA SOKN:

- 13.04: Blå Kors 809,-
20.04: Kyrkjelyds huset 2479,-
27.04: Folkeb. for livsrett og menneskev. 1627,-
04.05: Kyrkjelydsarbeidet 5245,-
08.05: Kyrkjelydsarbeidet 5435,-
11.05: Selsorginst. 875,-

- 26.04: Tore Garnes og Anne Berit Espeland.
26.04: Frode Charles Heggernes og Iren Borge.
26.04: Frode Magnussen og Wibeche Jacobsen. Vigde i Birkeland kirke.

Ytre Arna sokn:

- 19.04: Børge Sigurd Fiksdal og Linda Askeland.



Døde

Arna sokn:

- 05.04: Margit Inger Roseth, f. 1919
15.04: Klara Amanda Borge, f. 1919
08.05: Borghild Raknes f. 1907
08.05: Reidun Hjelmbrække, f. 1960
10.05: Karoline Johanne Kjellesvik, f. 1916
17.05: Andreas Skjøndal, f. 1912
18.05: Erik Halvorsen, f. 1921

Ytre Arna sokn:

- 13.04: Asbjørn Askeland, f. 1912.
16.04: Klara Johanna Loftås, f. 1904.
17.04: Margit J. Haugsvær, f. 1916.
18.05: Nils Kvamme, f. 1896

YTRE ARNA SOKN:

- 13.04: Den norske Israelmi. 1064,-
20.04: Kirkens SOS 651,-
01.05: Kristne Arb. forb. 466,-
04.05: Kyrkjelydsarbeidet 3351,-
11.05: Dei fire diakoniins. 595,-
18.05: Nordhordland Indrem. 1263,-
Fastebøssene 3248,-

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30.-

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8448.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Presten har ordet



Harald Sundsbø

Det har mange gonger vore prøvd å bevisa at Gud finst- og minst like mange gonger at han ikkje finst. Begge delar er like fåfengt.

Når naturvitenskapen utforskar naturen, gjer han ei viktig oppgåve. Men om naturvitenskapen vert brukt til å hevda at Gud ikkje finst, kjem han inn på eit område der han ikkje har kompetanse til å uttala seg.

Bibelen og naturvitenskapen

Vi har den siste tida opplevd ein debatt om Bibelen og naturvitenskapen, og engasjementet har vore stort frå fleire hald. Eg vil med dette knytta nokre tankar til det at eg ikkje kjenner på noko motsetnad i dette tilhøvet. For meg er det ikkje eit valg mellom Bibelen eller naturvitenskapen. Vi treng begge delar like mykje.

Naturvitenskapen har si oppgåve i å utforska naturen, og det skal han gjer på eit fritt grunnlag ved å finna fram i det fantastiske byggverket som universitetet er.

Bibelen har ei anna oppgåve. Den vil læra oss om Gud, hans vilje for oss og at det er Gud som har skapt universet, korleis det enn har blitt til.

Om me finn ut korleis ei maskin verkar, er det ikkje dermed sagt at maskinen berre er blitt til tilfeldig heilt av seg sjølv, utan at nokon har bygd han. Dersom naturvitenskapen finn ut ting om menneske og naturen, og finn ein sammanhang i det som skjer, er det på ingen måte ein trussel mot trua på Gud for meg. Og om me har naturlover som regulerar livet på jorda, er det ikkje i motsetnad til trua. Naturen talar ikkje mot Gud, men det er og ein del av Guds skaparverk som Gud brukar.

Sameleis har Bibelen også i høg grad sin avgrensa kompetanse til å seia noko i detalj om korleis verda vart til. Den inneheld ikkje noko naturvitenskapelig utgreiing som er berekna på naturvitenskapsmenn i 1986. I staden har Bibelen utsegnar om skapinga som skal forståast av alle menneske til alle tider og under heilt ulike naturvitenskapelige forestellingar. Bibelen seier tydeleg om at det er Gud som skapte universet. Eg vil ikkje seia desse utsegnene i Bibelen opp mot naturvitenskapen i dag, men eg vil i høg grad la dei gå inn som ein viktig del av mi tru på at ikkje alt er eit tilfeldig spel frå opphav til slutt. Det naturvitenskapen i dag veit om universet, gjev meg og stort frimod til å tru på at Gud står bak som skaparen og oppretthaldaren av dette.

Om naturvitenskapen seier at det tok lang tid og at naturen vart brukt i dette, vert ikkje trua på skaparen borte for det.

Ferie for prestane

Res.kap. Sundsbø har ferie i tida 23.6-21.7 og sokneprest Øy i tida 21.7-18.8. Prestane vil då vikariera for kvar andre. I ferietida kan preste kontoret i Ytre Arna vera stengt i kontortidene av og til, og då må ein kontakta kontoret i Borgstova i Indre Arna. Dette gjeld likevel ikkje heile ferietida. For det meste vil ein og finna kontoret i Ytre Arna ope.

RADIOLINE PÅ GIMLEKOLLEN

AV: INGER DRENGSTIG



Geir Øy bak mikrofonen.

- Eg søkte på Gimlekollen Mediasenter (GMS) fordi eg ønskte å få meir innsikt i korleis media påverkar menneske, og fordi eg ville lære radioarbeid. Det er Geir Øy (19) frå Arna, som seier dette. Han har i år gått på radiolinja på GMS.

Gimlekollen Mediasenter i Kristiansand tar sikte på å lære opp ungdom til å gå inn både i kristent og sekulært mediarbeid. I år er det rundt 70 studenter ved skulen fordelt på ei radio- og ei TV-linje.

-Undervisninga er lagt opp slik at teori og praksis går hand i hand, seier Geir. - Vi som går på radiolinja har praksis i Gimra, som er mediasenterets nærradiostasjon og studentane sin øvingsradio. Studentane er ansvarleg for 1 1/2 time ettermiddagsending kvar dag. Desse sendingane inneheld for det meste nyheter, reportasjar, portrett og temaprogram.

Studentane på avislinja arbeider med ei eigen skuleavis og skriv artiklar som kjem på trykk i ulike aviser og blad. Praksisen på TV-linja har i år blant anna gått ut på å produsere program for kristiansand nær-TV. I tillegg til dei journalistiske faga blir det og undervist i ein del bibelfag.

- Kva utbytte har du hatt av å gå på GMS?

- Eg har lært praktisk radioarbeid, eg veit kva det vil seia å lage eit interjuv, ein reportasje osv., svarar Geir. Han fortel vidare at han er usikker på om han kjem til å satse på radioarbeidet på heiltid når han er ferdig på GMS.

- Eg trur eg kjem til å jobbe ein del med radio på fritida, seier han. Dei fleste GMS-sudentane bur skulens internat.

- Det er fint å bu på internat, eg har fått mange nye gode venner dette året, fortel Geir. Han understrekar at internatlivet på GMS likevel ikkje blir det same som på ein folkehøgskule.

- Det er eit hektisk miljø her på skulen, seier han. - Dei dagane vi har praksis blir det lite fritid. Store deler av tida går med til å samla nyheter, dra ut og lage reportasjar osv. Geir fortel at det ikkje er heilt problemfritt å bu så mange kristne saman.

- Når vi er så mange kristne samla, tar vi det ofte som sjølvstøtt at vi skal ha eit godt åndeleg fellesskap. Vi har lett for å gløyme at vi må jobbe for å holde oppe eit slikt fellesskap, meiner han.

Eit par studie- og weekendturar er det blitt tid til i løpet av skuleåret. Ei av dei store opplevingane var da studentane reiste på skuletur til Monte Carlo i haust. GMS-studentane var blant gjestane ved den evangeliske radiostasjonen 'Trans World Radio' sitt 25-års jubileum. I samband med 'Ja til livet'-aksjonen den 10. mai blei det og arrangert ein weekendtur til Oslo.

Dei fleste GMS-studentane er over 19 år og har god almennutdanning.

- Ved opptaket tel karakterar og det at ein kan visa til at ein har vore med i ulike fritidsaktivitetar, fortel Geir.

Med folkehøgskolen til Madagaskar



Marianne Fjelltveit har vore elev ved Rønningen Folkehøgskole, og har sendt oss desse inntrykka frå ein tur til Madagaskar.

Dette skuleåret har eg vore elev ved Rønningen Folkehøgskole i Oslo, og eit av tilboda ved skulen er studieturar til Polen og Madagaskar. Eg var blant dei femten heldige som fekk vera med til Solskinnsøya. Det er fjerde år på rad at skulen arrangerer desse turane. Initiativtaker er Caspar Thomassen, inspektør ved skulen. Han har vore misjonær for Det Norske Misjonsselskap på Madagaskar i sju år. I tillegg til han, var Dagrunn Kolberg Omholt med som reiseleiar.

Vi fekk klar beskjed før avreise om at dette ikkje var nokon ferietur og det var det absolutt ikkje. Programmet var hardt, men lærerikt. Dei nitte dagane opphaldet varte, fekk vi med oss mykje. Det meste av tida budde vi på Tombontsoa jordbrukskule i Antsirabe. Om formiddagane arbeidde vi saman med elevane i blant anna fjøset, grisehuset og på ein forsøksgard. Det vi gjorde var symbolsk. Hovedgrunnen til at vi arbeidde var denne: Det at vi som rik, kvit teoretisk utdanna ungdom kunne gjera slikt arbeid, var med på å gje det meir status!

Ettermiddagane var nytta til å vitja ulike institusjonar i og rundt byen. Blindeskulen og døveskulen som var dei einaste av sitt slag i landet, var fint å oppleve. Elles var vi på sjukehuset Andranomadio, NORAD-prosjektet i Fifamanor, radiostudio og spedalskekolonien Mangarano. Vi hadde og elevkveld på jordbrukssku-

len og møte med misjonærane i Antsirabe og Antananarivo, hovudstaden. Det var fint å snakka norsk i blant. Det meste elles vart tolka.

Vi kom ikkje tomhendte til Madagaskar. Kvar av oss hadde i bagasjen fem kilo utstyr. Det var blant anna sportsartiklar, 1000 kulepennar, skrivebøker, lydband, støtdemparar, ein kopimaskin og gummistøvlar. Støvlane dei hadde med i fjor har ført til stor reduksjon i tilfella stivkrampe. Så dei vi hadde med vart vel mottekne. Gåvene vart fordelte på dei plassane vi vitja. Eg kjende meg privilegert som fekk lov å overrekke gåvene og få vera med å spre glede.

Alt i alt var det varer for omlag 15.000 kroner. Kyrkjelydane vi elevar kjem ifrå støtta oss økonomisk. Eg vil seia takk til min kyrkjelyd, men mest av alt bringa vidare den takksemda vi møtte blant gassarane. Dei tok imot oss som om vi verkeleg var noko. Eg kjende meg ikkje særleg stor. Vi har så utruleg mykje, men likevel klagar vi. Folk var så fattige at dei ikkje hadde nok pengar til mat. Likevel var der overskot til eit smil, til å sjå det positive i situasjonen.

For første gong dør menneske av svolt på Madagaskar. I fjor vart rishausten øydelagd av hagl og mangelen på ris er stor. Aldri har det vore så mange tiggjarar i byane som no. Eg synes det er vanskeleg å skildra fattigdommen med ord. Å formidla den kjensla eg hadde når små, fillete, skitne og tynne barn ber med heile seg om pengar, er umogeleg. Men ein ting har vorte enno tydelegare for meg: Eg har det fantastisk godt og har ingen rett til å klaga. Det vi i den rike del av verda bør gjera, er å kjempa for ei meir rettferdig verd.

Det eg har fått oppleve er noko eg vil ha med meg resten av livet. Det er ikkje kvar dag ein reiser til Madagaskar! Takk, Gud for at eg fekk denne sjansen, og for at eg kunne gripa han.

Marianne Fjelltveit

Elias Blix:

Song kristendomen inn i folket

Sameina det nasjonale og det kristelege

Det er 150 år sidan salmedikta- ren/teologen/professoren/kyrkje- statsråden Elias Blix blei fødd. I NRK har det blitt halde eit minneprogram om salmediktaren. Der sa bl.a. prof. Reidar Djupedal: — Han sameina på ein ypperleg måte det kristelege og det nasjonale. Han var folkeleg og brukte ord og uttrykk fra daglegliv og natur frå Nordland som han elska. Det var han som «kristna» landsmålet (nynorsken) og fekk det akseptert i kyrkje- og kyrkjelydsliv.

Allemannseige

Dei fleste nordmenn vil kunne skrive under på at salmane til Blix er blitt allemannseige. Kva for ein salme kjenner vi ved sidan av «Ja, vi elsker» av Bjørnson, — jau, det er «Gud signe vårt dyre fedreland» av Elias Blix. Var det ikkje ein fryd å synge «No livnar det i lundar» som åpning eller avslutning på ein skuledag, når det hadde byrja å drype av taket? «Kling no klokka» og «No koma Guds englar» er dei mest kjende julesalmane hans.

Dessutan har han skrivne ei mengde salmar til tekstane i kyrkjeåret.


Lærd, men ikkje ekskluderande

Blix var professor i hebraisk og so- leis ein lærd mann. Men han var ikkje ekskluderande. Han ville vere ein «songfugl» for folk flest. Som mål- mann var han ikkje aggressiv. Det blir fortalt at det var ved eit reint tilfelle

at han kom over Ivar Aasens lands- målgrammatikk og i ei aha-oppleving såg at hans eigen nordlandsdialekt var reint landsmål. Og det er nettopp utnyttinga og bruken av særnorsk ord som gjer han spesiell. Om dette seier prof. Djupedal: Salmane hans er henta ut av nord-norsk og norsk kvardag. Han bruker særnorske ord om bibelske vendingar. Han brukar tydelege bilete som set seg lett i min- net og har ein fullkomen metrisk sans. Dette gjer songene hans lette å synge. Naturfenomen frå Nordland som havet, stormen og lyset, brukar han til å lære folk kristendom. Kri- stendomen blei sunge inn i folket!

Nasjonal kulturbærer

Blix studerte semittiske språk i Tyskland. Han gjekk derfor til origi- nalspråket, hebraisk, då han skulle oversette Bibelen til landsmål. Han var ofte saman med I. Aasen og Å.O Vinje. Vinje skal ha sagt til han: — Du får ta deg av Bibelen, så skal eg ta meg av dei greske klassikarane! C slikt blei det. Det oversettingsarbeidet som Blix gjorde, la grunnlaget for Bi- belen på landsmål/nynorsk. Han oversatte også Lutthers katekisme. I den nye salmeboka finn vi femti av Blix sine salmar. Blix døydde i 1902, men diktinga hans er fortsatt like livskraftig.



Sommartid er leirtid. Ei rekkje lei- ar for born og unge, vaksne, familiar og besteforeldre vert arrangert. Ved å kontakta krinskontora for dei ulike kristelege organisasjonane kan ein få nærare opplysningar. Men at leir er gøy — det kan mange underskriva. Og at leir også kan gje mange positive opplevingar er sikkert.

Kyrkjelydsskulen

Kyrkjelydsskulen vil også denne hausten koma med eit kurstilbod. Det vil verta knytta til Bibelaksjonen som startar over heile landet med motto: «Bibelen open for alle». Det vert sam- lingar rundt ei helg i Indre Arna og samtalekveldar i Ytre Arna. Samtale- kveldane vil ha som samlande tema: «Kva seier Bibelen om...» og der vil naturvitskapen, kvinna i heim, sam- inn og kyrkje, Guds frelseplan i hi- storia, vera tema som vert tekne opp.

Nærare program kjem til hausten. Samtalekveldane startar i midten av september og Bibelhelga vert 7.-9. nov.

Maling av Ytre Arna kyrkje

Alle har i lang tid sett at Ytre Arna kyrkje treng malast utvendig. Etter det vi no veit er det sett av midlar til dette på budsjettet for Bergen kom- mune.

MUSIKK-ANDAKT

Onsdag 11 juni kl. 19.00 vert det musikkandakt i Arna kyrkje. Ved orgelet sitter Asbjørn Flåm, som spelar musikk av Bach, Men- delssohn m.fl. Vikarprest Helge Helgesen holder andakt. Kollekt til dekning av utgifter. Velkomen.

Målfrid Sandvik sluttar

Målfrid Sandvik sluttar som kate- ket i Arna prestegjeld i august. Ho er teken opp som elev ved Misjonshøg- skolen i Stavanger på det eittårige kurset i kristendom og misjon. Dette kurset er med tanke på å gjera tene- ste som misjonær på eit av misjons- felta for det Norske Misjonsselskap.

Kyrkjelydane vil ta avskil med hen- ne ved gudstenesta i Ytre Arna 22.6. og i Arna kyrkje 24. august.

Tur etter gudstenesta:

Kyrkjelydane i Ytre Arna og Arna arrangerer felles tur etter gudstene- sta 15.6. Turen vil ikkje gå så langt, men ein må kle seg som for tur i skog og mark. Kvar tek med seg mat og drikke, og det vert bål slik at ein kan «spidda» pølser. Alle er velkomne til å vera med — både store og små, unge og gamle. Turen startar med det sa- me gudstenesta er slutt.

MØTE

Arna bedehus:

08.06: Møte v/Nordhordland Indremisjon

15.06: Møte

Betania, Lone:

08.06: Møte v/NLM

12.06: Nattverdsmøte

15.06: Møte v/Santalmisjonen

23.06: Jonsokافتa v/Y-ungdom

26.06: Møte v/Indremisjonen

28.06: Ungdomskveld ved BUF

29.06: Møte v/Indremisjonen

Vellykka årsfest i Arna kyrkjelyd

Årsfesten i Arna kyrkjelyd samla fullt hus i gymnastikksalen på Garnes ungdomsskule søndag den 20. april. Den nye presten i Vaksdal, res. kap. Kjell Arne Norum, held festtalen. Han la vekt på kor viktig det er at ein kyrkjelyd viser varme og omsorg, og på ein god og klar måte viste han oss korleis vi skal møte kvarandre for at det skal verte eit godt fellesskap.

Alle dei tre kora i kyrkjelyden, Arna kyrkjekor, Arna Ten Sing og Ungve vaksne-koret, tok del med song. Spesielt gjorde Arna Ten Sing lykke med framføring av musika-len. Ellen og Kristen Øgaard hadde ei fin avdeling med dikt og musikk der temaet var våren. Dagfinn Rohde gledde oss med fiolinmusikk akkopagnert av Kristen Øgaard på piano.

Årsfesten er og årsmøte for kyrkjelyden. Rekneskapen vart framlagd av Per Eide.


Sokneprest Øy bar fram takk og overrekte gaver til vikarprest Helgesen og sivilarbeidar Kåre Kvalvåg. Han sa at kyrkjelyden har hatt stor glede og god nytte av arbeidet deira.

Festen vart leia på ein humørfyllt og frisk måte av Anne Karin Hageberg.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

Kyrkjefrukost søndag den 8. juni

Søndag den 8. juni inviterer vi til kyrkjefrukost før familiegudstene-sta i Arna kyrkje. Vi vonar mange vil nytte dette høvet til å samlast og ha det hyggeleg saman ei stund før gudstene-sta tar til. Det vert ordna med servering, som vi beta-lar litt kvar for.

Vi startar kl 10. Ta familien med på kyrkjekaffi.

Ting til julemesse

Økonominemda for kyrkjelydshuset i Arna arbeider med julemesse til hausten. Til denne messa treng ein mykje - og dei tek mot alle slags gaver.

Vi vil berre orientere om dette no — til hausten vil vi koma att med nærare opplysningar. Gåvene kan leverast på kyrkjekontoret, eller ein kan gje beskjed, så kan nokon henta dei.

Hybel Ytre Arna

Ytre Arna sokneråd treng hybel for menighetslev frå hausten. Har du noko å leiga ut, kan du kontakta kyrkjekontoret, tlf. 24 85 46 eller soknerådsformann Nils Kåre Olsen tlf: 24 89 89

ISRAEL

på kryss og tvers. Tur 24/9 til 9/10.
Reiseleder Olav Hesjedal og Ingolf Andersen.
Tlf. 24 01 17.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

**Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866
SPAREBANKEN
 **VEST**
AVDELING ARNA
— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

 **VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna**

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.



**Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler**

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad**
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje

- Juni 08.** Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kristen filmtjeneste/Kristelig Kringkastingslag. Kyrkjefrukost kl. 10.00 i Kyrkjestova.
Trengereid kl. 11. Familiegudsteneste. Vikarprest Helgesen. Kyrkjekaffi.
- Juni 11.** Arna kl. 19. Musikkandakt. Organist Asbjørn Flåm.
- Juni 15.** Arna kl. 11. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til Diakonihøgsskulen. Søndagsskule. Tur etter gudstenesta.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Tur etter gudstenesta.
- Juni 22.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11. res.kap. Sundsbø. Nattverd. Kyrkjekaffi
- Juni 29.** Arna kl. 11. Prost Valle. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin stiftssenter.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Øy.
- Juli 06.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Dåp. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.
Ytre Arna kl. 11. Stiftskap. Molde. Nattverd. Takkoffer til Dronning Mauds Minne.
- Juli 13.** Arna kl. 11. Døveprest Asgeir Straume. Nattverd. Takkoffer til Muhamedanermisjonen.
Ytre Arna kl. 11 Sokneprest Øy.
- Juli 20.** Arna kl. 11. Res.kap. Helge Unneland. Takkoffer til Kyrkjel.huset.
Ytre Arna kl. 11. Redaktør Finn Jarle Sæle. Nattverd. Takkoffer til Modum Bads Nervesanatorium.
- Juli 27.** Arna kl. 11. Sokneprest Olav Totland. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS
Trengereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Aug. 03.** Arna kl. 11. Misjonsprest Tor Dag Kjosavik. Takkoffer til Kvamshaug/Kvamsseter.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfak.
- Aug. 10.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Hjemmenes Dåpsring.
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Olav Totland. Takkoffer til Hjemmenes Dåpsring.
- Aug. 17.** Arna kl. 11. Innvandrarprest Stig Magne Heitmann. Takkoffer til Kristent arbeid blant innvandrere.
Trengereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø.
- Aug. 24.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Blå kors.
- Aug. 31.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Norsk misjon blant hjemløse.
- Sept. 07** Arna kl. 11.Konfirmantpresentasjon. Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskole.
Ytre Arna kl. 11.Konfirmantpresentasjon. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag er kyrkjedag

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.